

## Til Austrheim kommune

### Søknad om deling etter jordlova av landbrukseigedom på gbnr. 151/3 og gbnr. 151/9 -Førland – Austrheim kommune

Eg ynskjer å dela ifrå gbnr. 151/9 frå resten av landbrukseigedomen min som er gbnr. 151/3. Gbnr.151/9 er bebygd med eldre våningshus, eldre uthus og garasje.

Eg ynskjer å samanføya det nyare huset mitt som er frådelt frå garden tidlegare og som har gbnr. 151/22 (huset vart bygd i 1987) med landbrukseigedomen gbnr. 151/3. Dette kan gjerast først, og som eit vilkår i saka for å få løyve til frådeling av gbnr. 151/9.



I nord ser me bebygd eigedom gbnr. 151/9 som skal delast i frå (raude prikkar)

I sør ser me nyare bybygd tomt med bustadhus som skal samanføyast med gbnr. 151/3




### Gbnr. 151/22 med nyare hus på skal samanføyast med gbnr. 151/3 på Førland

Med å samanføya bustadtomten med nyare hus frå 1987 (gbnr. 151/22) til landbrukseigedomen gbnr. 151/3 vert denne garden meir verdifull som landbrukseigedom. Huset mitt ligg på same sida av hovudvegen (Fv. 565) som det verdifulle landbruksarealet her som er dyrka mark og størsteparten av skogsarealet. Det vert litt skogsareal på andre sida av hovudvegen og attmed gbnr. 151/9 som også skal tilhøyra hovudbruket gbnr. 151/3 etterpå.

Det eldre våningshuset attmed det huset eg bur på i dag kan me setja i stand på sikt om ynskjeleg. Dette er det gamle hovudhuste på garden, men det har relativ låg standard i dag.

Med dene omsøkte frådelinga kan eg selja gbnr. 151/9 til folk som ynsker å busetja seg her. Eg treng ikkje arbeida med vedlikehald og anna her då, då dette er ein ulempe for resten av landbrukseigedomen. Det er ingen driftsulemper for min landbrukseigedom eller andre i området om denne delinga kjem på plass. Eigedomen ligg for seg sjølve og er omkrinsa av to køyrevegar (fylkesvegar). Den ligg isolert til i forhold til mesteparten av garden min som er på sørsida av Fv. 565.





### To bilvegar på begge sider av eigedom 151/9 og gangveg i aust. Tilkomst som før

Denne eigedomen er sett av som LNF-område med spreidd bustadutbygging (SB 8) i kommuneplanen sin arealdel som vart godkjent i 2019. Arealet på denne eigedomen 151/9 er om lag 9 dekar i dag. Dersom forvaltinga meiner at dette er for mykje areal i ei frådelsingsak så er det viktig at bygningane og det naturlege tomtearealet omkring vert frådelt på ein god måte. Sjå flyfoto under av omsøkt frådelt tomt:



### Flyfoto av det bybygde «gardstunet i dag» på gbnr. 151/9

#### Fordelar med omsøkt frådelling er:

Me samlar garden i hovudsak på ei side av Fv. 565 med eit nyare og moderne bustadhus.

Gbnr. 151/22 vert samanføyd med gbnr. 151/3. Det gjer landbrukseigedomen meir verdifull. Arronderingsmessig er dette eit klokt grep.

Eg sel det «gamle og slitte våningshuset med andre bygg til» på nordsida av Fv. 565. Det vert meit trafikktryggleik med dette grepet. Dessuten vert det mindre kostnadar for landbrukseigedomen med omsyn til vedlikehald med meir.

Eg ser ingen ulemper for framtidig landbruksdrift i området med å dela i frå gbnr. 151/9. Det vert lettare for seinare generasjonar å overta ein landbrukseigedom med eit nyare våningshus på som heng saman med mesteparten av landbrukseigedomen.

Eg meiner denne omsøkte frådellinga er i samsvar med jordlova sine formål under:

*Arealressursane bør disponerast på ein måte som gir ein tenleg, variert bruksstruktur ut frå samfunnsutviklinga i området og med hovudvekt på omsynet til busetjing, arbeid og driftsmessig gode løysingar.*

Eg meiner og at denne frådellinga fører til ei driftsmessig god løysing for landbruket i området og for landbrukseigedomen min. Arealressursane på denne landbrukseigedomen vert på denne måten disponert på ein måte som gir ein tenleg og variert bruksstruktur ut frå samfunnsutviklinga i området. Denne frådellinga tek og omsyn til busetjing, arbeid og ei driftsmessig god løysing.

Eg har i dag ein 10 års leigeavtale med gardbrukar Robert Hjartås som slår og beitar på landbrukseigedomen min, dette fungerer godt.

Om ynskjeleg så kan me ta eit drøftingsmøte om saka innan oktober 2023.

Eg ynskjer å selja gbnr. 151/9, og det omsøkte frådelt arealet så fort som mogeleg. Eg veit at det må på plass ei handsaming etter plan- og bygningslova om denne delinga etter jordlova kjem på plass.

Med venleg helsing



Jarle Førland

Eigar av gbnr. 151/3 og gbnr. 151/9 og gbnr. 151/22